



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet

Møtedato: 07.11.2016

Møtetid: 19:00 -

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører/leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
060/16	16/944	Faste saker	
061/16	16/936	Godkjenning av avtale	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 16/944	Løpenr: 16/8466
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	07.11.2016	060/16	JEB

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Harald Frøland	Arkivkode: FE-030, TI-&01
Arkivsaksnr: 16/936	Løpenr: 16/8437
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	07.11.2016	061/16	KHFR

GODKJENNING AV AVTALE

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

Dokument som er vedlagt:

Avtale om alderspensjon

Kva saka gjeld:

Sjå vedlagte avtale. Avtalen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning.

AVTALE

Mellom

Samnanger kommune

og

Tone Ramsli

er inngått følgjande avtale i samband med at Tone Ramsli skal gå av med alderspensjon:

1. Tone Ramsli har full opptening i kommunen si tenestepensjonsordning og har no etter Hovedtariffavtalen rett til å ta ut ordinær alderspensjon frå det tidspunktet ho ønskjer. Det er semje om at Tone Ramsli skal gå frå stillinga si i kommunen den 28. februar 2017 for å ta ut alderspensjon frå 1. mars 2017. Partane er einige om at ho har rett til å avvikla attståande ferie og eventuell avspasering i tida fram mot pensjoneringstidspunktet. Opptente feriepengar for 2016 samt januar og februar 2017 vert utbetalte i samband med lønnskjøring for mars 2017.
2. I perioden frå 1. mars 2017 og fram til og med den månaden Tone Ramsli fyller 65 år, vil Samnanger kommune teikna og betala ein servicepensjon for henne. Denne pensjonen skal saman med pensjonsutbetalinga frå kommunen sin tenestepensjonsleverandør gje Ramsli ei utbetaling som tilsvarar 100 % av den lønna ho har på datoen ho sluttar som rådmann, med tillegg av seinare regulering. Servicepensjonen skal regulerast etter dei same reglane som gjeld for den ordinære tenestepensjonen frå KLP.

Tone Ramsli har høve til å kombinere servicepensjon med arbeidsinntekt og uttak av alderspensjon frå folketrygda etter dei same samordningsreglane som gjeld for den ordinære tenestepensjonen frå KLP.


3. Samnanger kommune og Tone Ramsli er einige om at løna som rådmann har hatt ei negativ utvikling dei siste åra i høve til kommunar som kan samanliknast med Samnanger. Partane er difor einige om at ho med grunnlag i HTA kap 3 pkt 3.4.1, og forhandlingar dette året, får ein lønnsauke på 15 % med verknad frå 1. mai 2016.
4. I samband med at Tone Ramsli sluttar, har ho plikt til å levera inn alle eigedelar, medrekna alle fysiske og elektroniske dokument som tilhøyrrer Samnanger kommune, med mindre anna vert avtala mellom Ramsli og ordføraren. Ho har rett til å behalda den berbare PC-en, i-pad og mobiltelefonen som ho har no, men må sjølv dekkja abonnementskostnader/programkostnader.
5. Tone Ramsli får normal sluttattest og referansar i samsvar med lov og det som er praksis i Samnanger kommune.
6. Ved oppfyljing av avtalepunkta som er nemnde ovanfor, reknar partane at alle tilhøve seg imellom av arbeidsmessig og økonomisk karakter er endeleg opp- og avgjort. Partane skriv frå

seg gjensidig all rett til å fremja ytterlegare krav mot kvarandre som følgje av tilsetjingsforholdet og avslutninga av dette.

7. Samnanger kommune dekkjer utgiftene Tone Ramsli har til juridisk bistand i samband med at denne avtalen vert inngått, avgrensa oppover til 30.000,- eks. mva. Beløpet vert utbetalt etter rekning frå advokat Nordbø.
8. Denne avtalen er inngått med føresetnad av nødvendig godkjenning frå Samnanger kommune etter fullmakt.

Denne avtalen er skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Tysse, den 31. oktober 2016



Knut Harald Frøland
Ordfører



Tone Ramsli
Rådmann